




Direktoratet for
samfunnssikkerhet
og beredskap

INTERN

Kunnskap om og haldning til brann

Nullmåling av befolkninga ved oppstart av nasjonal kommunikasjonsstrategi for branngryggleik 2013-2020





Innhaldsliste

Oppsummering	4
Innledning	5
Kunnskap om risikogrupper for brann	7
Risikogrupper for brann	7
Risikofaktorar for brann	7
Barn og unge	Feil! Bokmerke er ikke definert.
Eldre	8
Pleietrengande	9
Innvandrarar og asylsökjarar	9
Personar med nedsett funksjonsevne	10
Arbeidsinnvandrarar	11
Kjelder	11
Metode	12
Datagrunnlag	12
Omnibus risiko brann	12
Gjensidiges samfunnsundersøking	12
Omnibus brannvern	12
Omnibus EL-tryggleik	12
Omnibus branngryggleik	12
Datakvalitet og tolking	13
Resultat	13
Kunnskap om brann	13
Haldningar til brann	15
Risikoaktivitetar	17
Brannførebyggande åtferd	21
Brannførebyggande utstyr	31
Handling ved brann	35
Tabellar og figurar	42
Bibliografi	43

Oppsummering

Denne rapporten er ei nullmåling i forkant av gjennomføringa av DSB sin kommunikasjonsstrategi for branngjeggleik i perioden 2013-2020 (DSB, 2013).. For det eine skildrar den kunnskap om og kjenneteikn ved risikogrupper når det gjeld brann og kva utfordringar ein har overfor desse gruppene vedrørande branngjeggleik. For det andre samanstiller den ei rekke befolkningsundersøkingar utført i 2012-2013 og kunnskap om og haldningar til brann, risikoaktivitetar, branngjerebyggande åferd og utstyr, og handling ved brann. Befolkningsdelen av rapporten er utarbeidd av Kristoffer Vestnes (DOK). Delen om risikogrupper er utforma av Magne Bjerkseth (KOR).

Evaluering er ein viktig del av kommunikasjonsstrategien for å kunne sannsynleggjere at strategien har hatt effekt. Undervegs og i etterkant av kommunikasjonsstrategien kan ein avgjere om branngjeggleiken til risikogruppene og befolkninga er betra ved å gjennomføre tilsvarende undersøkingar som denne rapporten inneheld.

Resultata i befolkningsdelen av rapporten kan oppsummerast punktvis slik:

- Folk under 30 år har meir risikoåferd, därlegare haldningar og kunnskapar om brann enn dei eldste
- Det brenn oftare hos unge. Av økonomiske grunnar er det derfor unge under 30 år ei målgruppe for å få ned *antal* brannar
- Det er 4,5 gongar større sjanse for at ein person over 70 år omkjem i brann enn under 70. For å redusere antal *dødsbrannar* bør eldre vere blant dei viktigaste målgruppene for strategien.
- Menn gjennomfører branngjerebyggande aktivitetar¹ oftare enn kvinner.
- 7 av 10 trur dei kan halde pusten i eit røykfylt rom lenger enn dei faktisk kan
- 4 av 5 veit ikkje at komfyren er det elektriske produktet som ofta er involvert i bustadbrannar
- 3 av 5 let vaskemaskinen gå om natta
- 1 av 3 under 30 år lagar av og til eller sjeldan mat på komfyren/steikeomnen om natta
- 1 av 4 tenner av og til eller sjeldan stearinlys i rom ingen oppheld seg
- 1 av 10 sjekkar aldri røykvarslarane sine
- 1 av 5 kontrollerer aldri nåla på branngjekkingsapparatet
- 1 av 10 veit ikkje kva ein jordfeilbrytar er. 1 av 5 har aldri sjekka den
- 1 av 3 sjekkar aldri etter svimerke/varmgang i sikringsskapet
- 4 av 5 har aldri hatt branngjering i heimen
- 1 av 10 reingjer aldri kjøkenvifta
- 1 av 3 undersøkjer aldri etter svimerke på kontakter og liknande
- 1 av 5 har aldri hatt el-sjekk i bustaden dei bur i
- Knappe 1 av 10 har komfyrvakt
- Under halvparten har seriekopla røykvarslarar
- 3 av 10 har ikkje planlagt kva dei/familien skal gjere i tilfelle brann
- 1 av 4 vil halde pusten og springe gjennom røyken ved brann
- 7 av 10 har ikkje avtalt felles møtepunkt om det skulle ta til å brenne
- Halvparten av katte-/hundeeigarar ville gått inn i det brennande huset for å redde husdyret

¹ Test av brannvarslar, vedlikehald av pulverapparat, sjekk av sikringsskap m.fl.

Innledning

Nasjonal kommunikasjonsstrategi for brannsikkerhet 2013-2020 har evaluering som en av fire strategier. Evaluering forutsetter å sette mål: Hva skal vi oppnå? Hvordan skal vi oppnå det? Og etterpå; nådde vi målene?

Nasjonal kommunikasjonsstrategi for brannsikkerhet sier at det skal gjennomføres en nullmåling før strategien settes i verk. Siktemålet med denne rapporten er så langt det er mulig å synliggjøre kunnskapsnivået og de generelle holdningene til brannsikkerhet før implementering av strategien. Denne rapporten er utarbeidet av DSB som en oppfølging av *Nasjonal kommunikasjonsstrategi for brannsikkerhet* og er en sammenstilling av eksisterende og nye undersøkelser. Til sammen utgjør dette et faktagrunnlag som viser dagens situasjon når det gjelder risikogrupper og befolkningens kunnskap om og holdninger på en rekke områder som angår brannsikkerhet for private.

En nullmåling skal ha to formål. Den skal tjene som et kunnskapsgrunnlag for prioritering av innsatsen og den skal danne sammenligningsgrunnlag for senere målinger fram mot 2020 med tanke på å vurdere effekten av strategien, både underveis og når prosjektet er avsluttet. Spørsmål i slike målinger må være likelydende og spørsmålene gjentas i prosjektpérioden. I tillegg til må alle større tiltak underveis i perioden måles, og spørsmålene vil da i første omgang mer dreie seg om tiltakene har nådd relevant målgruppe, om budskapet er forstått m.m.

Hva skal måles?

I kommunikasjonsstrategien er det to hovedmål:

1. Økt kunnskap og bevissthet om brannrisiko i hjemmet skal gi varig endrede holdninger og adferd hos prioriterte risiko- og målgrupper og befolkningen som helhet.
2. Risiko- og målgrupper skal oppleve informasjonen og kommunikasjonen om brannsikkerhet med myndighetene og andre som samordnet, helhetlig og målrettet.

Det er først og fremst undersøkelser knyttet til det første hovedmålet som er beskrevet her. Måling av effekter for hovedmål 2 er mer naturlig å gjøre når det gjennomføres spesifikke aktiviteter og tiltak.

Kommunikasjonsstrategien viser til fire eksempler på konkrete delmål som er aktuelle å jobbe med:

- Økt kunnskap om de vanligste brannrisikoene i boligen og hvordan disse kan forebygges
- Økt andel som har installert røykvarsler tester dem med jevne mellomrom
- Økt andel som har øvd på hva de skal gjøre om det skulle begynne å brenne i boligen
- Økt kunnskap om brannforebyggende utstyr og rettene til slikt utstyr (som noen grupper har)

Spørsmålene i befolkningsundersøkelsene er knyttet opp mot disse delmålene; kunnskap om forebygging av brann, riktig adferd når det brenner m.m. Det er blant annet stilt spørsmål om sjekking av røykvarsler og bytte av røykvarslerbatteri, hva er riktig oppførsel ved evakuering og spørsmål om familien har et fast samlingsted på utsiden. Siden det er flere ulike undersøkelser er noen av spørsmålene likelydende eller overlappende.

Sammenstillingen har to deler

Dette dokumentet består av to deler. Del 1 er en gjennomgang av det vi vet om risikogruppene, hovedsakelig kvalitative undersøkelser. Del 2 består av flere kvantitative spørreundersøkelsesrettet mot befolkningen. Risikogruppene eldre og målgruppen barn/unge blir i en viss grad fanget opp også i del 2 siden alder vanligvis er et parameter som måles.

Med unntak av den siste undersøkelsen i desember 2013 er undersøkelsene ikke gjennomført som direkte oppfølging av Nasjonal kommunikasjonsstrategi for brannsikkerhet, men til sammen dekker de imidlertid de spørsmålene det er relevant å stille i forhold til målene i *Nasjonal kommunikasjonsstrategi for brannsikkerhet*.

Sammenstillingen inneholder per nå ganske mange temaer og spørsmål. Det bør gjøres et mindre utvalg spørsmål basert på spørsmål i sammenstillingen, som er knyttet til faktisk brannrisiko, som kan gjentas underveis og ved strategiperiodens utløp. For å kunne vurdere om strategien virker må vi ha et klart bilde av *hva* folk må endre: Holdninger (slutte å røyke på senga), planlegging (oppmøteplass i tilfelle brann) og/eller kunnskap (hva er de største risikoene med tanke på brann)?

Noen utfordringer

En måling i forkant av satsingen vil ha noen svakheter. For det første vet vi lite om risikogruppene. Risikogrupper skal prioriteres i følge kommunikasjonsstrategien, men kunnskap om risikogrupper krever andre undersøkelsesmetoder enn de kvalitative spørreundersøkelsene som vi vanligvis bruker og som sammenstilles i denne rapporten. Det krever mer tid å få frem kunnskapen. Kanskje det er først og fremst nødvendig med forskning for å få frem mer kunnskap om disse gruppene

En annen utfordring er at vi kan stille feil eller upresise spørsmål. Vi ønsker å kunne stille samme spørsmål underveis og ved utløpet av strategiperioden for å måle effekten av det vi gjør. Vi ønsker å bryte målene ned i delmål som er operasjonaliserebare, målbare og knyttet til tid. Men risikofaktorer og brannårsaker kan endre seg over tid. Det vi synes er relevant å spørre om nå (for eksempel: lader du mobiltelefonen om natta?) kan være mindre relevant å spørre om i 2018. En løsning kan være å ha en blanding av konkrete og mer generelle mål. Målene må uansett være risikobaserte; konkrete mål må justeres underveis om nødvendig.

Selv om denne sammenstillingen har svakheter gir spørreundersøkelsene totalt sett en god illustrasjon på befolkningens holdninger til og kunnskap om brann.

Inger Johanne Fjellanger (KOM)

Kunnskap om risikogrupper for brann

Risikogrupper for brann

Med risikogrupper meiner vi grupper som er spesielt utsette for å omkome i brann og/eller forårsake brann. Ei risikogruppe kan ha ein eller fleire risikofaktorar knytt til seg som bidreg til at gruppa er spesielt risikoutsett.

Risikofaktorar for brann

Risikofaktorar er einskalfaktorar/-karakteristika som kvar for seg bidreg til at personar har auka risiko for å forårsaker brann og/eller for å omkome i brann. NOU "Trygg hjemme" skildrar fleire risikofaktorar og ikkje berre risikogrupper (NOU-2012:4, 2012).

Risikofaktorar for brann er (inga utfyllande liste):

- Aukande alder
- Kjønn (menn er generelt meir risikoutsett)
- Rusmiddelbruk, alkoholbruk og bruk av sløvande medisinar
- Psykisk ubalanse
- Nedsett funksjonsevne, kognitiv svikt
- Demens (vanskar med å mestre lærte og kvardagslege aktivitetar, angst, vrangførrestillingar m.a.)
- Å vere einsleg
- Røyking
- Sosial status (som døme viser fleire studiar at låg utdanning heng nært saman med därlege buforhold, därlegare livsførsel, meir rusbruk, mindre forståing av risiko, därlegare evner til evakuering m.a.)
- Dårleg tryggleikskultur
- Språkproblem
- Hyppig bruk av open eld
- Dårlege sosiale omgjevnader (få/ingen pårørande/nære/naboar, ingen offentlege tilsyn m.a.)

Felles for alle risikogrupper er at dei er utsett for ein eller fleire risikofaktorar for brann. Ein person er meir risikoutsett dess fleire risikofaktorar han er utsett for og styrken på desse risikofaktorane. Ein kan definere risikograd (R) som:

$$R = (\text{Risikofaktor } 1 \times \text{Styrke på risikofaktor } 1) + (\text{Risikofaktor } 2 \times \text{Styrke på risikofaktor } 2) + \dots + (\text{Risikofaktor } n \times \text{Styrke på risikofaktor } n)$$

Kvar av risikofaktorane påverkar éin eller fleire av følgjande forhold:

- Risiko for at brann oppstår
- Evne til å oppdage brannen (respons)
- Evne til å evakuere brannen / redde seg ut (reaksjon)


Eldre

Kjenneteikn

Med eldre meiner vi her dei over 70 år. Ein kan vere dement, ha nedsett respons, reaksjon og/eller bevegelsesevne også under denne alderen. Det brenn ikkje oftare hos eldre, men dei har generelt større vanskar med å oppdage og/eller redde seg ut når brann oppstår (sjukdom, svekka sansar, funksjonsnedsetting).


Fakta/kunnskap

Personar over 70 år har 4-5 gonger høgare risiko for å omkomme i brann enn resten av befolkninga. Risikoen for å omkomme i brann aukar markant for kvart leveår etter passerte 70 år. Vi ser av figuren under at personar frå 80-89 år har nesten 2,5 gongar så høgt sannsyn for å omkomme i brann som personar i alderen 70-79, medan dette forholdstalet stig heilt opp til 3,5 for gruppa 90 år og eldre sett mot gruppa 70-79 år.



Figur 1: Branndøde i bolig per 1 mill. innbyggere etter alderssegment

Antall branndøde i bolig per 1 million innbygger etter kjønns- og alderssegment. Gjennomsnitt 1996-2012



Figur 2: Antall branndøde i bolig per 1 million innbyggere etter kjønn- og alderssegment. Gjennomsnitt 1996-2012

Eldre er ofte involvert i dødsbrannar der open eld er involvert (røyking, bruk av levande lys m.fl.).

Ei Mosaic-undersøking utført av Experian for DSB i 2007 viste at ein av dei mest risikoutsette gruppene for brann var gruppa ”Velferdsnoreg”, som består av eldre, single, med låg inntekt som bur i eldre blokk- og leilegheitsbygg (Experian, 2006). Eldre er også ei av høgrisikogruppene for å omkome eller skade seg i trafikken (grunna dårligare helsetilstand og svekka reaksjonsevne).

Risikoåterferd i dag

- Eldre som lagar mat på komfyren på dagsid, og gløymer kokeplater og liknande på grunn av andre gjermål (SINTEF NBL, 2010)
- Bruk av levande lys og spesielt røyking på senga.

Utfordringar

- Veldig fragmentert gruppe, som har individuelt svært ulike behov for brannvern og informasjon.
- Aukande levealder og store fødselskull frå andre verdskrig vil gje sterkt aukande antal eldre over 70 år i åra som kjem (dobling fram mot 2060 i følge SSB).
- Vansklig å nå eldre som bur åleine utan kontakt med familie eller kommunale hjelpetenester. Heile 2/3 av eldre over 85 år har ikkje kontakt med pleie- og omsorgstenester (tal frå KS, møte 04.12.2012).
- Færre aktuelle informasjonskanalar (enn for yngre menneske) å velje mellom for å nå gruppa.

Pleietrengande

Kjenneteikn

Med pleietrengande meiner vi her personar med svekka sansar (lukt, syn, hørsel) og/eller redusert bevegeleight/førlegheit, og som er pleietrengande som følgje av dette. NOU ”Trygg hjemme” deler dei pleietrengande inn i tre grupper; dei som bur i institusjon med særskilte krav til branngleik og tilsyn, dei som bur i tilrettelagde bustader finansiert med offentlege/kommunale midlar og dei som bur i eigne bustader (NOU-2012:4, 2012).

Fakta/kunnskap

Vi har ingen brannstatistikk å støtte oss på for å seie noko helt sikkert om korvidt pleietrengande er meir utsette for å starte ein brann og/eller for å omkome i brann. Derimot har vi ein indikasjon på at so er tilfelle, då brannstatistikken viser at heile 69 personar omkom i 58 dødsbrannar i pleie- og omsorgsbustader i perioden 1997-2009. Røyking var årsaka til heile 60 prosent av desse brannane som hadde kjent årsak. 6 av 10 omkomme var kvinner, og heile 48 av dei 58 dødsbrannane oppstod i perioden ein til vanleg er våken, i tidsrommet frå kl. 09 til kl. 23.

Utanlandske studiar (Finland, Sverige, Storbritannia, New Zealand, USA mv.) indikerer også at det kan vere auka brannrisiko ved å vere pleietrengande, hovudsakleg knytt til manglande evne til å reagere på og evakuere frå ein brann.

Risikoåterferd i dag

Hovudsakleg matlagning på komfyr og bruk av open eld (røyking, levande lys) er risikoaukande.

Utfordringar

Manglande tryggingstiltak for spesielt utsette (mellan anna komfyrvakt, sprinkling, vasståke, informasjon)

Innvandrarar og asylsökjarar

Kjenneteikn

Vi skil mellom:

- Innvandrarar: ein person fødd i utlandet av utanlandsfødde foreldre.
- Asylsökjarar: person som har søkt asyl i Noreg, der søknaden framleis er under behandling.

- Flyktning: person som er innvilga politisk asyl eller opphold på humanitært grunnlag.

Fakta/kunnskap

Vi har ingen fullverdig brannstatistikk å støtte oss på for å seie noko om korvidt innvandrarar eller asylsøkjurar er meir risikoutsette for å forårsake brann og/eller for å omkome i brann. Vi har likevel statistikk på næringsgruppa "Asylmottak", men tala omfattar berre brannar der den brente bygninga er registrert med næringa "Asylmottak" i Brønnøysundregisteret. Ei stor mengde asylsøkjurar er dermed ikkje omfatta av statistikken, då fleire bur i eigne kommunale leilegheiter. DSB sin database viser at det er 10-20 brannar i asylmottak årleg, og at det berre har vore ein dødsbrann siste 20 år, men dette er då berre eit minstetal, sidan mørketala som nemnt er omfattande.

Sjølv om vi ikkje har direkte kunnskap (via statistikk) om at innvandrarar og asylsøkjurar har auka brannrisiko, so er det fleire internasjonale studiar som gjev *indirekte* grunnlag for å tru at so er tilfelle. Innvandrarar og asylsøkjurar har fleire karakteristika som er knytt til auka brannrisiko. Dei har ofte låg sosioøkonomisk status – som heng saman med dårlige levekår, dårlige bуforhold og låg utdanning –, språkproblem, psykisk ubalanse, manglende tryggleikskultur, manglende forståing for bruk av elektrisitet m.fl.

Ein parallell kan knyttast til trafikkulykker, der statistikk viser at særleg innvandrarar frå Afrika og Midt-Austen har svært høg risiko for å vere utsett for trafikkulykker. Annen risikovilje, manglende kunnskap og forståing vert peikt på som årsaker til dette.

Risikoåtferd i dag

Hovudsakleg matlagning på komfyre, bruk av elektrisk utstyr generelt og bruk av open eld (røyking, levande lys) er risikoskapande. Ofte bur svært mange på små flater, noko som aukar risikoen for brann og aukar potensialet for store konsekvensar av brannen.

Utfordringar

- Svært fragmentert gruppe, med ulike språkdugleikar, ulik kultur (her under tryggleikskultur), ulik kjennskap/erfaring med bruk av elektrisitet og gass osv. Vanskeleg å målrette kommunikasjonen til gruppa som heilskap.
- Nå fram med bodskapen. Store skilnader mellom gruppene når det gjeld "kven, kva og korleis" i informasjonsaugemed.
- Brannar som skuldast sabotasje, hærverk, påsette brannar osv. for å få merksemd er svært vanskelege å førebygge med informasjon.
- Nå kvinner med informasjon

Mulegheiter

- Hushaldsbesøk, med bruk av nettverk og ambassadørar eller opinionsleiarar i kommunikasjonen med dei ulike gruppene (jamfør Merseyside-brannvesenet sin måte å jobbe på)

Personar med nedsett funksjonsevne

Kjenneteikn

Personar med nedsett funksjonsevne som fylge av tapt/skada kroppsdel eller redusert(e) kroppsfunksjon(ar). Dette kan omfatte nedsett bevegelses-, syns - eller hørselsfunksjon, nedsett kognitiv funksjon, eller ulike funksjonsnedsettingar på grunn av allergi, hjarte- og lungesjukdomar og liknande. Personen treng ikkje vere pleietrengande som fylge av dette, men har ofte dårlig mobilitet, dårlig orientering og reaksjonsevne og nedsett evakueringsevne.

Fakta/kunnskap

Vi har heller ikkje her nokon norsk statistikk å støtte oss på. NOU "Trygg hjemme" viser til fleire studiar og undersøkingar som har avdekkja at ulike former for funksjonsnedsettingar gjev høgare risiko for at brann oppstår og ikkje minst for å omkome i brann (NOU-2012:4, 2012). Gruppa vart mellom anna identifisert som

ei risikogruppe av SINTEF, som gjekk gjennom politirapportar for perioden 1978-92 (SINTEF NBL, 2010). Utanlandske studiar (Finland, Sverige, Storbritannia, New Zealand, USA m.fl.) tyder også på auka risiko for gruppa.

Risikoåtferd i dag

Problem med å oppdage, sløkke og evakuere. Matlaging på komfyre og bruk av open eld (røyking, levande lys og liknande) gjev spesielt høg risiko.

Utfordringar

- Svært fragmentert/lite homogen gruppe, med ulike handikap og ulike behov for informasjon. Behov for spesifisert informasjon tilgjengelig for alle.
- Ofte fleire typar risiko til stades samtidig. I tillegg til nedsett funksjonsevne, til dømes høg alder, språkproblem, røyking, alkoholbruk med meir.
- Vanskeleg gruppe å nå. Funksjonshemmedes fellesorganisasjon (FFO) har 71 medlemsorganisasjonar med over 335.000 medlemmer, og dei fleste av desse kan nåast gjennom de same kanalar som resten av befolkninga.

Arbeidsinnvandrarar

Kjenneteikn

Personar med et tidsavgrensa opphold for å arbeide i Noreg.

Fakta/kunnskap

Denne gruppa kan ikkje identifiserast direkte i brannstatistikken, men framkjem ved granskinger, gjennomgang av politirapporter etc. At 12 arbeidsinnvandrarar omkom i 5 brannar i Noreg i 2009 er likevel ein indikasjon på at dette er ei risikogruppe. Spesielt dramatisk var brannen på Gulskogen i november 2009, der sju polakkar omkom.

Risikoåtferd i dag

Det bur ofte mange personar i bustader med låg standard, noko som gjev auka brannrisiko. Brannen på Gulskogen viste at polakkane hadde tukla med sikringane, og elektriske brannar vert sett som et spesielt risikoområde for denne gruppa.

Utfordringar

- Avklare ansvar for utleigarar (høgrisikable bustader, ikkje forskriftsmessige).
- Dårleg kjennskap til elektrisitet. Informasjonsverksemde.
- Språkproblem

Kjelder

"Kommunikasjon og risikogrupper for brann. Grunnlagsdokument for oppfølging av Nasjonal kommunikasjonsstrategi for brannsikkerhet" (DSB, 2013)

DSB sin brannstatistikk (data i SamBas)

"Kjenneteikn og utviklingstrekk ved dødsbrannar og omkomne i brann" (DSB - rapport 2010)

"Branner med elektrisk årsak – Kartlegging og analyse av skade på liv, helse og eiendom" (DBE/PE, 2000)

www.ssb.no Statistisk sentralbyrå sin databank

"Arbeidsgruppe boligbrannsikkerhet 2010" (DSB, 2011)

Metode

Datagrunnlag

Omnibus risiko brann

I november 2012 gjennomførte Norstat web/telefonintervju med 1000 respondentar på oppdrag frå BRE (FOR).

Variabeldefinisjonar

Alder: Inndelt 18-29, 30-39, 40-49, 50+.

Geografi: Oslo, by med meir enn 50.000 innbyggjarar, by med mellom 5.000 og 50.000 innbyggjarar, tettstad og landsbygd.

Gjensidiges samfunnsundersøking

Gjensidige gjennomfører kvart år ei stor samfunnsundersøking om tema som dekkjer selskapet sitt interesseområde. DOK har på førespurnad fått oversendt figurmateriale frå Gjensidige. Undersøkinga i 2013 er gjennomført 9. – 29. april ved telefonintervju til 4202 personar av Ipsos MMI og er vekta etter kjønn, alder og fylke.

Omnibus branngvern

På oppdrag frå If Skadeforsikring gjennomførte TNS Gallup ei webintervjubasert spørjeundersøking i perioden 3. – 11. juni 2013 om diverse branngvernrelaterte tema i samband med Brannvernuka same år. Dei 1019 respondentane utgjer eit representativt utval av den norske befolkninga og er vekta etter kjende befolkningsvariablar. DOK har på førespurnad fått oversendt tabellmateriale frå If Skadeforsikring.

Variabeldefinisjonar

Alder: Inndelt 18-29, 30-44, 44-59 og 60+.

Geografi: Storby, by, og land.

Inntekt: Inntil 200.000, 200.000 – 399.999, 400.000 – 599.999, osv., 1.400.000 og oppover (NOK).

Omnibus EL-tryggleik

I samband med at DSB er myndigkeit for el-tryggleik i Noreg tinga DSB ei befolkningsundersøking, gjennomført av Norstat på deira webpanel som omnibus november 2012 og i september 2013. Totalt har 1000 personar over 18 år svart på kvar av undersøkingane. Utvalet er vekta slik at det er representativt for kjønn og alderssamsetninga i befolkninga. Dette gjev eit godt statistisk grunnlag for å trekke generaliserbare sluttningar om kunnskapen om el-tryggleik blant den norske befolkning.

Omnibus branngryggleik

Med bakgrunn i hovudmålet og dei skisserte delmåla ovanfor har DSB gjennomført ein omnibus tilknytta ei befolkningsdekkande undersøking med dei overordna tema risikoaktivitetar, førebyggande aktivitetar og utstyr. Undersøkinga er gjennomført på konsulentfirmaet Epinion sitt webpanel i perioden 22. – 28. november 2013, som utgjer eit representativt utval av den norske befolkninga. Utvalet består av totalt 1008 respondentar og er vekta etter kjende befolkningsvariablar.

Variabeldefinisjonar

Alder: Inndelt 18-29, 30-39, 40-49, 50-59, 60-69 og 70+.

Geografi: Oslo, by med meir enn 50.000 innbyggjarar, by med mellom 5.000 og 50.000 innbyggjarar, tettstad og landsbygd.

Inntekt: Inntil 300.000, 301.000 – 500.000, 501.000 – 700.000, 701.000 – 1.000.000, 1.001.000 – 1.500.000, 1.501.000 – 2.000.000, og meir enn 2.000.000 NOK.

Datakvalitet og tolking

Det er fleire viktige moment ein må ta omsyn til når ein skal tolke slikt datamateriale. For det eine bør ein vare varsam når ein tolkar skilnadane mellom inntekts- og utdanningsgrupper. Mange i aldersgruppa 18-30 er framleis under utdanning og hamnar derfor grunnskule- eller vidaregåandegruppa utdanningsmessig, sjølv om dei potensielt har haldningar tilsvarende personar med universitetsutdanning. Også inntektsmessig ligg dei lågt, sjølv om dei på sikt truleg hamnar i høgintektskategoriane.


Innspel frå Inger Johanne:

- Speler det noka rolle at aldersgruppene er ulikt inndelte i dei forskjellige undersøkingane?
- Telefonintervju versus webpanel: Bør dette kommenterast?

Resultat

I denne delen er resultata frå undersøkingane presenterte. I dei tilfella der skilnadane med omsyn til kjønn, alder, geografi, utdanning og inntekt er statistisk signifikante er desse oppsummert i punktvise lister. Der det ikkje er skilnader mellom gruppene er ikkje dette trekt fram.

Kunnskap om brann




Figur 3: Kva for fylgjande forhold trur du er hovudårsaka til brannar i norske heimar?²

Over halvparten av dei spurte trur feil i elektriske installasjonar er hovudårsaka til brannar i norske heimar, medan om lag 3 av 10 trur levande lys er hovudårsaka. Av bustadbrannar med kjend årsak er feil i/feil bruk av elektriske installasjonar den viktigaste brannårsaka. Slik sett har over halvparten av dei spurte rett. Levande lys er derimot ei langt mindre vanleg årsak til bustadbrann. Med andre ord har om lag 1 av 3 ei noko misvisande oppfatning her.

- *Alder:* Det er fleire over 50 år under som trur at feil i elektriske installasjonar er hovudårsaka til bustadbrannar

² Omnibus risiko brann, NorStat 2012

- Kjønn:* Kvinner trur i større grad enn menn at levande lys er hovudårsaka til brannar, medan menn i større grad enn kvinner trur elektriske årsaker er den viktigaste.
- Inntekt:* Dei med hushaldsinntekt intil 300.000 er minst tilbøyelige til å tru at feil i elektriske installasjonar er hovudårsaka til bustadbrannar.
- Geografi:* Vidare meiner fleire på landsbygda enn i dei store byane over 50.000 innbyggjarar at dei elektriske årsakene er den viktigaste.




Figur 4: Kva for eit av desse produkta trur du oftast er involverte i bustadbrannar?³

Over 8 av 10 er ikkje klar over at komfyren er det elektriske produktet som oftast er involvert i bustadbrannar, men andelen har gått noko ned frå målinga i 2012 til 2013.

- Alder:* Nesten 1 av 4 under 30 år trur at komfyren oftast er involvert i brannar, noko som er signifikanthalvare enn blant dei over 40 år.

³ Omnibus el-tryggleik 2013, Norstat?

**Hvis det skulle begynne å brenne der du bor og bli tett røykutvikling, ca.
hvor lang tid tror du at du ville kunne holde pusten for å ta deg gjennom
røyken i en slik situasjon?**



Figur 5: Kor lenge trur du kan halde pusten i tett røyk?⁴

Om lag 7 av 10 trur dei kan halde pusten lenger enn 15 sekund dersom dei skulle forsøke å ta seg gjennom eit område med tett røyk. Røyken som oppstår i ein bustadbrann er langt farlegare enn frå eit bål eller frå peisen. I fylge Brann- og redningsetaten i Oslo vil ein i ein stressa brannsituasjon berre greie å halde pusten i 10, maks 15 sekund.⁵ I so måte tyder resultata i figuren ovanfor at mange har eit unrealistisk forhold til kor lenge dei vil greie å halde pusten i tilfelle brann.


- **Alder:** Talmaterialet viser ein tendens til at gruppa under 30 år meiner dei kan halde pusten lenger i tett røyk enn gruppa 60+. Truleg er ein del av denne skilnaden reell, grunna fysiske og helserelaterte årsaker. Alternativt kan ein tolke det slik at dei yngste har ei overdriven tru på kor lenge dei kan halde pusten.

Haldningar til brann

⁴ Omnibus brannvern 2013, *TNS Gallup*

⁵ <http://www.tryggosikker.no/html/922.html>

Av følgende ting som kan skje i hjemmet ditt, hva bekymrer deg aller mest?




Figur 6: Bekymring i heimen⁶

Av figuren over ser vi at bustadbrann er noko svært mange er uroa for skal skje. Om lag 3 av 5 oppgjør brannrelaterte hendingar som dei mest frykta når det gjeld eigen heim.

- *Geografi:* Folk som bur på landet er noko meir bekymra for brann enn folk som bur i storby; 63 mot 51 prosent

Har du selv opplevd brann på nært hold?



Figur 7: Har du sjølv opplevd brann på nært hold?⁷


Figur 4 viser at om lag 1 av 3 har opplevd brann på nært hold i ei eller anna form.

⁶ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

⁷ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

Kunnskap om og haldningar til brann

Kor bekymra er du for at det skal oppstå brann i elektriske hushaldningsapparat, slike som tørketrommel, strykejern, komfyr, brødristar, og liknande heime hos deg?



Figur 8: Bekymra for brann i elektriske apparat (Gjensidige, 2013)

Medan over halvparten av dei spurte i omnibus risiko brann trur feil i elektriske installasjoner er hovudårsaka til brannar i norske heimar, er berre om lag 1 av 5 av dei spurte i Gjensidiges samfunnsundersøking svært eller ganske bekymra for at slike brannar skal oppstå. Figuren viser også at desse tala er stabile frå 2012 til 2013.

Risikoaktivitetar


Brukes noe av følgende utstyr om natta i ditt hjem mens du og de som er hjemme sover?



Figur 9: Bruker du noko av fylgjande utstyr om natta når du og dei som er heime sov?⁸

- Alder:** Personar under 30 år bruker i større grad enn gruppa 60+ oppvaskmaskin, vaskemaskin og tørketrommel om natta

⁸ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup



Figur 10: Bruk av vaskemaskin, oppvaskmaskin og komfyr om natta⁹


Som vi ser av figur 7 let over 6 av 10 vaskemaskinen gå medan dei sør eller ikke er heime, enten sjeldan, av og til eller ofte. Talet for oppvaskmaskinen er samanliknbart.

- *Alder:* Det er ein ganske klar samanheng mellom alder og kor ofte ein let vaskemaskinen gå på denne måten. 2 prosent av dei over 70 år gjør dette ofte, medan tilsvarende tal for dei som er yngre enn 30 år er 20 prosent.
- *Geografi:* I begge desse tilfellene viser datamaterialet at Oslo-folk (18 prosent) i større grad gjør dette ofte enn folk på landsbygda (8 prosent).

Av bustadbrannar med oppgjevene årsak i 2012 utgjorde komfyrbrann heile 18 prosent av tilfella. Med andre ord er matlagning på komfyr om natta å rekne som ganske risikabelt. Det er eit fåtal som lagar mat på komfyren/steikeomnen om natta; 6 prosent gjør det av og til eller ofte.

- *Alder:* Også her skil aldersgruppene seg frå kvarandre. I aldersgruppa yngre enn 30 år er det 37 prosent som gjør dette sjeldan, og 14 prosent gjør det av og til. I aldersgruppa 70+ er tilsvarende tal 10 og 2 prosent.


⁹ Omnibus branngryggleik 2013, *Epinion*



Figur 11: Er det lause stikkontakter i bustaden din?¹⁰

Om lag 1 av 10 kjenner til at dei har ei eller flere lause stikkontakter i heimen sin.

- Alder:* Av gruppa under 30 år svarer 15 prosent at dei ikkje veit om dei har lause stikkontakter i bustaden sin. Tilsvarande tal for gruppa 60+ er 2 prosent.



Figur 12: Røyking på senga og tenning av stearinlys¹¹

Når det gjeld røyking ser vi at 89 prosent av respondentane har svart at dei ikkje røyker på senga. Mange av desse skulle nok truleg ha svart ”ikkje aktuelt” sidan dei ikkje røyker, som dei fleste av dei resterande har svart, 9 prosent. Oppsummert: Svært få oppgjev at dei røyker på senga.


1 av 20 svarer at dei av og til tenner stearinlys i rom kor ingen oppheld seg, medan 1 av 5 gjer dette sjeldan.

- Kjønn:* Det er fleire menn enn kvinner som seier at dei aldri tenner stearinlys i rom dei ikkje oppheld seg; høvesvis 79 mot 67 prosent.

¹⁰ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

¹¹ Omnibus branngrygleik 2013, Epinton

- Alder:* I tillegg svarer 83 prosent i aldersgruppa 70+ at dei aldri tenner lys på denne måten, medan dette gjeld 66 prosent av dei som er yngre enn 30 år.



Figur 13: Mobillading og bruk av berbar PC om natta¹²


Som figur 10 viser svarer over halvparten at dei ladjar mobilén om natta. 1 av 10 gjer aldri dette.

- Alder:* Også her er det ganske store skilnader mellom aldersgruppene. 82 prosent av dei som er 34 år eller yngre ladjar om natta, medan tilsvarende tal for dei som er 56 år og eldre er 32 prosent.
- Geografi:* 67 prosent av dei spurte i dei nest største byane (50.000 innbyggjarar eller fleire minus Oslo) ladjar mobilane sine om natta, mot gjennomsnittet som er 55 prosent.
- Inntekt:* Datamaterialet viser også at dei med inntekt mellom 1.500.000 opp til 2.000.000 kroner i langt større grad enn dei med 300.000 kroner eller mindre ladjar mobilén om natta; 85 versus 20 prosent.

Det er langt færre som bruker berbar PC i senga enn det er folk som ladjar mobilén om natta. 1 av 10 oppgjev at dei gjer dette ofte.

- Alder:* Det er ganske store skilnader på aldersgruppene for denne variabelen. Medan 21 prosent av aldersgruppa 56+ bruker berbar PC i senga av og til eller ofte, er tilsvarende tal for gruppa som er 34 år og yngre heile 47 prosent.
- Geografi:* Det er ganske store skilnader med tanke på kvar ein bur og om ein bruker PC-en i senga. 62 prosent av dei som bur i mindre tettstader eller på landsbygda gjer aldri dette, medan dette gjelde berre 47 prosent av Oslo-buarar.

¹² Omnibus branstryggleik 2013, Epinton



Figur 14: Bruker du skjøteleidning på nokon av dei fylgjande produkta?¹³


Nesten 4 av 10 bruker skjøteleidning på TV-en.

- *Alder:* Bruk av skjøteleidning på TV minkar med stigande alder. Halvparten av dei under 30 år oppgjev at dei bruker skjøteleidning på TV. Dette heng truleg saman med bustadforholda.

Elles vert skjøteleidning i liten grad brukt på andre produkt som er lista opp, og halvparten svarer at dei ikkje bruker skjøteleidning på nokon av desse produkta i det heile teke.

Brannførebyggande åtferd

¹³ Omnibus Sikker hverdag 2013, Norstat?



Figur 15: Kor ofte gjer du eller ein annan i din husstand fylgjande ... 1¹⁴


Som vi ser av figur 11 svarer 1 av 5 at dei enten aldri testar røykvarslaren eller ikkje er sikre på om nokon i husstanden gjer det.

- Alder:* Også her er dei eldste flinkast i klassen. 10 prosent av desse svarer aldri eller ikkje sikker, medan tilsvarende tal for den yngste aldersgruppa er 38 prosent. Ei delvis forklaring på dette kan vare at det er fleire blant dei yngre som har ei buform som tilseier noko uklare ansvarsforhold med tanke på branngryggleik. Enten ved at dei bur saman med foreldre som tek ansvaret, eller i bukollektiv der ingen har eit definert ansvar.
- Kjønn:* Kvinner er også overrepresenterte i kategoriane "aldri" og "ikkje sikker".
- Geografi:* Oslofolk skil seg ut ved at det er her flest oppgjev at dei aldri testar røykvarslaren. Ein grunn til dette kan vare at mange i Oslo bur i burrettslag der vaktmeister tek seg av testing av røykvarslar.
- Inntekt:* Personar med inntekt inntil 300.000 skil seg ut som monaleg mindre flinke til å sjekke røykvarslaren. 25 prosent av respondentane i denne kategorien gjer aldri det.

Utskifting av batteri i røykvarslar er for 2 av 3 eit årleg føretak.

- Alder:* Også her oppgjev den yngste aldersgruppa at dei i langt mindre grad enn den eldste gruppa bytter batteri. 78 prosent av 56+-gruppa skiftar batteri kvart år, 72 prosent av dei mellomaldrande gjer det, medan berre 44 prosent av den yngste gruppa gjer det.
- Kjønn:* Og når det gjeld batteriskift i røykvarslaren er kvinner meir usikre – eller svarer at dei aldri bytter batteri – enn menn.


¹⁴ Omnibus branngryggleik 2013, Epinton



Figur 16: Kor ofte testar du at røykvarslaren fungerer? ¹⁵

Nesten 6 av 10 husstandar testar røykvarslaren årleg. Det er 1 av 10 som ikkje testar røykvarslaren i det heile teke.

- *Hushald:* Det er ein høgare andel blant hushald med to eller fleire barn som testar røykvarslaren årleg enn blant dei andre husstandane.




Figur 17: Kor ofte skiftar du batteri på røykvarslaren? ¹⁶

Nesten 7 av 10 skiftar batteri på sin røykvarslar ein eller fleire gonger i året.

Ei utfordring med tolkinga av dette spørsmålet er at nokre faktisk har røykvarslarar som er straumdrivne, og det har dei ikkje hatt mulegheit til å svare.

¹⁵ Sikker hverdag omnibus 2013, Norstat?

¹⁶ Sikker hverdag omnibus 2013, Norstat?



Figur 18: Kontroll av brannsløkkingsapparat¹⁷

Som figur 12 viser oppgjev nesten 4 av 10 at dei enten aldri kontrollerer nåla på brannsløkkingsapparata sine, ikkje er sikker på om dei gjer det, at det ikkje gjeld dei eller dei har ikkje produktet.


- *Alder:* Når det gjeld alder er det langt fleire i gruppa 34 år eller yngre som aldri sjekkar nåla enn i den eldste gruppa.
- *Kjønn:* Som for røykvarslarvariablene er kvinner overrepresenterte blant dei som svarer aldri eller ikkje sikker.
- *Geografi:* Blant Oslofolk er det 28 prosent som seier dei aldri kontrollerer nåla. I motsetjing gjeld dette berre 13 prosent av respondentane fra landsbygda.
- *Inntekt:* Av respondentane medhushaldsinntekt inntil 300.000 kroner svarer heile 36 prosent at dei aldri kontrollerer nåla på brannsløkkingsapparatet. Tilsvarande tal for dei med 1-1,5 millionar i hushaldsinntekt er 15 prosent.

Meir enn 4 av 10 oppgjev at dei aldri vender pulverapparatet opp ned eit par gonger, ikkje er sikre på om dei gjer det, eller at dei ikkje har produktet.

- *Alder:* Dobbelt så mange i gruppa 34 år eller yngre svarer at dei aldri vender apparatet som 56+-gruppa.
- *Kjønn:* Menn svarer at dei i større grad utfører denne oppgåva enn kvinner. Dette er nok truleg ein rest, eventuelt eit framhald av den tradisjonelle arbeidsfordelinga i heimen.
- *Geografi:* Oslofolk oppgjev i mindre grad enn andre at dei vender pulverapparatet opp ned eit par gonger. 28 prosent av respondentane fra Oslo svarer at dei aldri gjer det. Tilsvarande tal for folk fra landsbygda er 13 prosent.
- *Inntekt:* Inntektsgruppa opp til 300.000 skil seg ut ved at heile 52 prosent svarer at dei aldri gjer det.

¹⁷ Omnibus branentryggleik 2013, Epinton


Hvordan oppbevarer du gassflaska til grillen når den ikke er i bruk (f.eks gjennom vinteren)? De som har gassgrill



Figur 19: Korleis oppbevarer du gassflaska til grillen når den ikkje er i bruk?¹⁸

Blant dei som har gassgrill oppbevarer dei fleste gassflaska i ei bud eller eit reiskapsskjul når den ikkje er i bruk.

Når sjekket du jordfeilbryteren i sikringsskapet sist? (om strømmen går hvis du trykker på den)




Figur 20: Når sjekka du jordfeilbrytaren sist?¹⁹

3 av 10 veit ikkje kva ein jordfeilbrytar er eller har ikkje sjekka den.²⁰

¹⁸ Sikker hverdag omnibus 2013, Norstat?

¹⁹ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

- Alder:* Aldersgruppa under 30 skil seg ut ved at klart fleire enn i dei eldre aldersgruppene svarer veit ikkje på dette spørsmålet
- Kjønn:* Kvinner svarer i større grad enn menn at dei ikkje veit når dei har sjekka jordfeilbrytaren i sikringsskapet sist



Figur 21: Sjekk av sikringsskap²¹


1 av 3 sjekkar aldri om det er svimerker eller sterkt varmegang i sikringsskapet.

- Alder:* Det er færre unge under 30 år som oppgjev at dei sjekkar etter varmegang i sikringsskapet.
- Kjønn:* Det kan tyde på at dette vert sett på som ei oppgåve for menn, sidan nesten 60 prosent av kvinnene svarer aldri eller ikkje sikker, medan over 60 prosent av mennene svarer at dei sjekkar dette enten årleg, ein gong i halvåret eller ein gong i månaden.
- Geografi:* 45 prosent av folk i Oslo svarer at dei aldri sjekkar, medan tilsvarande tal for folk på landsbygda, i tettstader og i byar mellom 5.- og 50.000 innbyggjarar svarer høvesvis 24, 29 og 25 prosent.

2 av 3 svarer at dei aldri testar jordfeilbrytaren i sikringsskapet, at dei ikkje er sikre eller at spørsmålet ikkje er aktuelt, eventuelt at dei ikkje har produktet. Fordelingane for denne variabelen er kanskje ikkje overraskande ganske lik den for sjekk av varmegang i sikringsskapet.

²⁰ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

²¹ Omnibus branngrygleik 2013, Epinton




Figur 22: Kor ofte strammar du skrusikringane i sikringsskapet?²²

Figuren over viser fordelinga etter at dei som har svart ikkje aktuelt/har ikkje produktet er utelatne. 7 av 10 strammar aldri skrusikringane i sikringsskapet, eller veit ikkje om det vert gjort.

- *Alder:* Den yngste aldersgruppa svarer i større grad enn den eldste gruppa at dei aldri strammar eller ikkje er sikre.]
- *Kjønn:* Det er i stor grad menn som ordnar med dette, i tråd med funna for dei andre sikringsskapsvariablane.
- *Geografi:* På dette punktet skil dei store byane seg ganske klart frå plassane med mindre enn 50.000 innbyggjarar ved at om lag 40 prosent svarer at dei aldri strammar sikringane, medan dette gjeld berre om lag 20 prosent på dei mindre plassane.
- *Inntekt:* Gruppa med hushaldsinntekt opp til 300.000 kroner skil seg også ut ved at andelen som svarer at dei aldri strammar sikringane er monaleg høyare enn fleire av inntektsgruppene med høyare samla inntekt.


²² Omnibus branentryggleik 2013, Epinton



Figur 23: Har du nokon gong sjekka sikringane i sikringsskapet?²³

3 av 10 svarer at det ikkje er naudsynt å sjekke sikringane i sikringsskapet eller at dei aldri har gjort det, medan over halvparten har gjort det i løpet av det siste året.

- Alder:* Aldersgruppa under 30 år er overrepresenterte blant dei som svarer veit ikkje på dette spørsmålet.
- Kjønn:* Fleire menn enn kvinner har sjekka sikringane i løpet av det siste året
- Inntekt:* Om lag 1 av 4 med husstandsinntekt inntil 200.000 kroner svarer at dei aldri har sjekka sikringane i skapet, i forhold til eit snitt på 10 prosent



Figur 24: Gjennomfører brannøving i husstanden²⁴

Nesten 8 av 10 oppgjev at dei aldri gjennomfører brannøving i husstanden sin, medan 7 prosent er usikre.

²³ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup


²⁴ Omnibus branngrygleik 2013, Epinton



Figur 25: Har du/de hatt brannøving heime i løpet av dei siste fem åra?²⁵

Over 8 av 10 har ikkje hatt brannøving heime i løpet av dei siste fem åra.

- *Hushald:* Det er ein høgare andel hushald med meir enn tre barn enn øvrige hushald som har hatt brannøving heime i løpet av dei siste fem år.




Figur 26: Reingjering av kjøkkenvifta¹²⁶

Knappe 1 av 10 svarer at dei aldri reingjør kjøkkenvifta si. Derimot svarer 8 av 10 at dei gjer det i løpet av året, og flest ein gong i halvåret. Dette samsvarer bra med resultata frå omnibus brannvern tidlegare på året.

- *Alder:* Den eldste aldersgruppa reingjør i større grad kjøkkenvifta månadleg eller halvårleg enn dei under 30 år.

²⁵ Sikker hverdag omnibus 2013, Norstat?


²⁶ Omnibus branngrygleik 2013, Epinton



Figur 27: Reingjering av kjøkkenvifta²⁷

1 av 5 svarer at dei ikkje har reingjort vifta det siste året, eller veit om dei har reingjort den i det heile.²⁸

- **Alder:** 18 prosent av dei under 30 år svarer at dei ikkje veit når dei reingjorde kjøkkenvifta sist.
Tilsvarande tal for dei andre gruppene er 3 og 4 prosent.



Figur 28: Undersøkjer om det er svimerke i støpsler, kontakter, lamper og liknande²⁹


²⁷ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

²⁸ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

²⁹ Omnibus brantryggleik 2013, Epinton

Over halvparten svarer at dei aldri undersøkjer om det er svimerke i støpsel, kontakter, lampar og liknande, eller dei er ikkje sikre.

- *Alder:* Medan 43 prosent av den yngste aldersgruppa svarer at dei aldri undersøkjer dette, gjeld dette 22 prosent av dei eldste.
- *Kjønn:* Også her svarer kvinnene i mindre grad enn mennene at dei utfører denne oppgåva.
- *Geografi:* Om lag dobbelt så mange av dei som er innbyggjarar i dei store byane svarer at dei aldri gjer dette enn folk frå landsbygda.
-



Figur 29: Når var det sist du hadde ein elsjekk eller el-tilsyn på det elektriske anlegget i bustaden din?³⁰

1 av 5 seier dei aldri har hatt el-sjekk i bustaden sin medan dei har budd der.

- *Alder:* 30 prosent av gruppa yngre enn 30 år veit ikkje når det siste var EL-sjekk i bustaden deira. Tilsvarannde tal for gruppa 60+ er 5 prosent.


Brannførebyggande utstyr



Figur 30: Kva slags type sikringar har du?³¹

³⁰ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

³¹ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup




Figur 31: Sannsyn for å vakne av røykvarslaren om natta?³²

- *Alder:* Det er færre i gruppa under 30 år som meiner det er svært sannsynleg at dei vil vakne dersom brannalarmen går om natta.
- *Geografi:* 3 prosent av respondentane fra Oslo svarer at dei ikke har fungerande røykvarslar
- *Inntekt:* Det er færre blant dei med husstandsinnntekt under 300.000 kroner som svarer at det er svært sannsynleg at dei vil vakne av brannvarslaren om den vert utløyst om natta.

Kommentert [v1]: Vurdere å fjerne?

³² Omnibus risiko brann 2012, NorStat




Figur 32: Har du/dykk noko av det fylgjande utstyret heime? – Fleire svar mogleg³³

3 % har verken brannsløkkingsapparat eller husbrannslange³⁴

- *Alder:* I gruppa under 30 år har 19 prosent husbrannslange, medan dette gjeld 36 prosent i gruppa 60+. Gruppa under 30 er har også brannteppe og overspenningsvern i mindre grad enn snittet.
- *Kjønn:* 46 prosent av mennene svarer at dei har overspenningsvern, medan berre 27 prosent av kvinnene gjør det.
- *Geografi:* Det er klart færre blant storbybuarane som oppgjev å ha overspenningsvern enn i dei mindre byane og på bygda, 24 mot 39 og 43 prosent.
- *Inntekt:* Gruppa med inntil 200.000 i husstandsinntekt skil seg ut ved at berre 15 prosent oppgjev at dei har overspenningsvern

³³ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

³⁴ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup




Figur 33: Har du noko av fylgjande brannførebyggande utstyr i din husstand? ³⁵

- *Alder:* Generelt for alle desse utstyrstypene er at den yngste aldersgruppa er signifikant meir usikre på om dei har dei eller ikkje. Til dømes er 18 prosent av respondentane i den yngste aldersgruppa er usikre på om dei har komfyrvakt eller ikkje. Dette kan truleg tolkast i retning av at dei ikkje veit kva dette er for noko. Over halvparten i den yngste aldersgruppa er også usikre på om dei har overspenningsvern.
- *Kjønn:* 40 prosent av kvinnene som har svart er usikre på om dei har overspenningsvern eller ikkje. Tilsvarande tal for menn er 17 prosent. At kvinner er meir usikre enn menn gjeld for alle desse utstyrstypene, med unntak av brannteppe.
- *Geografi:* Langt fleire av dei som bur i Oslo svarer at dei ikkje veit om dei har seriekopla brannvarslarar. Osloborar er også meir usikre på om dei har sikringsskap av stål og husbrannslange enn folk som bur i meir grisgrendte strøk.

³⁵ Omnibus branentryggleik 2013, Epinton

Handling ved brann




Figur 34: Samnysyn for å redde seg ut av bustad ved brann om natta?³⁶

8 av 10 meiner det er svært eller ganske sannsynleg at dei vil greie å redde ut familien dersom brann skulle oppstå medan dei sov

- *Kjønn:* Menn meiner i større grad enn kvinner at dei vil kunne redde seg og sin familien ut av bustaden om det skulle byrje å brenne om natta.
- *Geografi:* Respondentane frå Oslo skårar om lag ti prosentpoeng lågare på svært sannsynleg enn i resten av landet. Dette har nok truleg samanheng med at fleire i dette området bur i blokker det er vanskelegare å evakuere frå enn einebustader på bakkeplan.

³⁶ Omnibus risiko brann 2012, NorStat

Har du planlagt eller tenkt igjennom hva du og evt. din familie skal gjøre hvis det skulle begynne å brenne i egen bolig?




Figur 35: Har du/familien din avtalt kva de skal gjere i tilfelle brann?³⁷

Over 3 av 10 har ikke planlagt kva familien skal gjøre i tilfelle brann.³⁸

- *Alder:* I aldersgruppa under 30 år svarer 40 prosent at dei ikke har tenkt så nøyne gjennom kva dei skal gjøre i tilfelle brann.
- *Utdanning:* 47 prosent utan utdanning utover grunnskulen svarer at dei ikke har tenkt gjennom så nøyne

Har du klart for deg hvilke alternative rømningsveier du har der du bor?



Figur 36: Har du klart for deg kva for rømningsvegar du har der du bur?³⁹


³⁷ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

³⁸ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

³⁹ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

3 prosent seier dei ikkje har klart for seg kva alternative rømingsvegar dei har der dei bur.⁴⁰

- *Geografi:* Innbyggjarane i byane og på landsbygda har i noko større grad oversikt over *fleire* rømingsvegar enn innbyggjarar i storby, 86 og 87 prosent samanlikna med 76 prosent.
- *Inntekt:* Det er ein tendens i datamaterialet som viser at dess høgare inntekt ein har, dess større er sjansen for å ha fleire alternative rømingsvegar klart for seg. Ein viktig grunn til dette er nok at høgare inntekt muleggjer kjøp av einebustader som ofte har fleire rømingsvegar.



Figur 37: Har du klart for deg kva du skal gjøre i tilfelle brann?⁴¹


9 av 10 er heilt eller ganske sikre på kva dei skal gjere viss det byrjar å brenne der dei bur.⁴²

- *Kjønn:* Menn kjenner seg sikrare enn kvinner på at dei har klart føre seg kva dei skal gjøre om det bryt ut brann der dei bur. 42 prosent av mennene svarer at dei er heilt sikre, medan talet for kvinner er 24 prosent.
- *Inntekt:* Blant respondentane med mindre enn 200.000 i husstandsinnntekt svarer berre 11 prosent at dei er heilt sikre på kva dei skal gjøre, noko som er monaleg mindre enn gjennomsnittet på 33 prosent.

⁴⁰ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

⁴¹ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

⁴² Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup



Figur 38: Kva ville du gjort om du møtte på tett røyk i tilfelle brann?⁴³


1 av 4 vil halde pusten og springe raskt gjennom røyken om det byrjar å brenne. 4 av 10 vil krype gjennom røyken langs golvet.⁴⁴

- *Utdanning:* Personar som manglar utdanning utover grunnskulenivå svarer i større grad enn andre at dei ville heldt fram gjennom røyken ved å krype langs golvet.

⁴³ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup


⁴⁴ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

Kunnskap om og haldningar til brann



Figur 39: Har familien avtalt ein fast møtestad utandørs i tilfelle brann?⁴⁵

I husstandar med fleire enn ein person har berre om lag 15 prosent avtalt ein felles møtestad i tilfelle brann.⁴⁶



Figur 40: Veit du kven du skal varsle i tilfelle brann?⁴⁷

6 prosent er usikre eller veit ikkje kvar eller kven dei skal varsle i tilfelle brann.⁴⁸


⁴⁵ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

⁴⁶ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

⁴⁷ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

⁴⁸ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

Gitt at alle personer var ute, tror du at du ville forsøke å gå inn igjen for å hente ting eller kjæledyr hvis det har begynt å brenne?»



Figur 41: Ville du under ein brann gått inn og henta ut eit kjæledyr?⁴⁹

53/61 prosent av dei som har katt/hund ville prøvd å gå inn igjen i eit brennande hus for å redde dei.⁵⁰ Av dei som ikkje har kjæledyr svarer 22 prosent at dei vil forsøke å gå inn igjen i huset for å hente ting etter at det har begynt å brenne.⁵¹


- *Alder:* Halvparten av personane under 30 år ville gått inn og henta ting eller kjæledyr frå eit brennande hus, noko som er klart over snittet på 33 prosent

⁴⁹ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

⁵⁰ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

⁵¹ Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

Er det så at du har tenkt ut spesifikke ting du ville ta med deg på veien hvis det skulle begynne å brenne? Eventuelt hva?



Figur 42: Har du tenkt ut spesifikke ting du ville ta med på vegen viss det skulle byrje å brenne?⁵²

3 av 10 har ikke tenkt ut spesifikke ting dei vil ta med seg i tilfelle brann. Av dei so har tenkt å ta med seg noko er lommebok, nøkler og biletar dei viktigaste tinga.

- *Alder:* Gruppa 60+ vil i større grad enn dei andre prioritere å ta med seg fotoalbum, lommebaukar og nøkler. Gruppa under 30 år vil i større grad prioritere å ta med mobiltelefon og PC.
- *Kjønn:* Fleire menn enn kvinner vil ta med seg bilnøkler om det bryt ut brann, medan fleire kvinner vil ta med seg fotoalbum.

⁵² Omnibus brannvern 2013, TNS Gallup

Tabellar og figurar

Figur 1: Branndøde i bolig per 1 mill. innbyggere etter alderssegment	8
Figur 2: Antall branndøde i bolig per 1 million innbyggere etter kjønn- og alderssegment. Gjennomsnitt 1996-2012	8
Figur 3: Kva for fylgjande forhold trur du er hovudårsaka til brannar i norske heimar?	13
Figur 4: Kva for eit av desse produktta trur du oftast er involverte i bustadbrannar?	14
Figur 5: Kor länge trur du at du kan halde pusten i tett røyk?	15
Figur 6: Bekymring i heimen	16
Figur 8: Har du sjølv opplevd brann på nært hold?	16
Figur 9: Bekymra for brann i elektriske apparat (Gjensidige, 2013)	17
Figur 10: Bruker du noko av fylgjande utstyr om natta når du og dei som er heime sør?	17
Figur 11: Bruk av vaskemaskin, oppvaskmaskin og komfyr om natta	18
Figur 12: Er det lause stikkontakter i bustaden din?	19
Figur 13: Røyking på senga og tenning av stearinlys	19
Figur 14: Mobiillading og bruk av berbar PC om natta	20
Figur 15: Bruker du skøyteleidning på nokon av dei fylgjande produkta?	21
Figur 16: Kor ofte gjør du eller ein annan i din husstand fylgjande ... 1	22
Figur 17: Kor ofte testar du at røykvarslaren fungerer?	23
Figur 18: Kor ofte skiftar du batteri på røykvarslaren?	23
Figur 19: Kontroll av brannsløkkingsapparat	24
Figur 20: Korleis oppbevarer du gassflaska til grillen når den ikkje er i bruk?	25
Figur 21: Når sjekka du jordfeilbrytaren sist?	25
Figur 22: Sjekk av sikringsskap	26
Figur 23: Kor ofte strammar du skrusikringane i sikringsskapet?	27
Figur 24: Har du nokon gong sjekka sikringane i sikringsskapet?	28
Figur 25: Gjennomfører brannøving i husstanden	28
Figur 26: Har du/de hatt brannøving heime i løpet av dei siste fem åra?	29
Figur 27: Reingjering av kjøkenvifta 1	29
Figur 28: Reingjering av kjøkenvifta 2	30
Figur 29: Undersøkjer om det er svimerke i støpsel, kontakter, lampar og liknande	30
Figur 30: Når var det sist du hadde ein elsjekk eller el-tilsyn på det elektriske anlegget i bustaden din?	31
Figur 31: Kva slags type sikringar har du?	31
Figur 32: Sannsyn for å vakne for røykvarslaren om natta?	32
Figur 33: Har du/dykkt noko av det fylgjande utstyret heime? – Fleire svar mogleg	33
Figur 34: Har du noko av fylgjande brannførebyggande utstyr i din husstand?	34
Figur 35: Sannsyn for å redde seg ut av bustad ved brann om natta?	35
Figur 36: Har du/familien din avtalt kva de skal gjere i tilfelle brann?	36
Figur 37: Har du klart for deg kva for rømingsvegar du har der du bur?	36
Figur 38: Har du klart for deg kva du skal gjere i tilfelle brann?	37
Figur 39: Kva ville du gjort om du møtte på tett røyk i tilfelle brann?	38
Figur 40: Har familien avtalt ein fast møtested utandørs i tilfelle brann?	39
Figur 41: Veit du kven du skal varsle i tilfelle brann?	39
Figur 42: Ville du under ein brann gått inn og henta ut eit kjæledyr?	40
Figur 43: Har du tenkt ut spesifikke ting du ville ta med deg på vegen viss det skulle byrje å brenne?	41

Bibliografi

- DSB. (2013). *Nasjonal kommunikasjonsstrategi for brannsikkerhet*. Tønsberg: DSB.
Gjensidige. (2013). *Samfunnundersøkelsen 2013*. Oslo: Gjensidige.
NOU. (2012:4). *Trygg hjemme: brannsikkerhet for utsatte grupper*. Oslo: Justis- og beredskapsdepartementet.



Direktoratet for
samfunnssikkerhet og beredskap
Postboks 2014
3115 Tønsberg

Tlf. 33 41 25 00 postmottak@dsb.no
Faks 33 31 06 60 www.dsb.no